

Bygdetunet Rød
Museumsdag 2012
Sundag 19. august kl. 14 – 17

kl. 14: Gudsteneste i Røykstova v/ Totland

kl. 15: Postkort - utstilling i Lemstova

- ***Aud Karin Løvfall syner og fortel***
- ***Harald Sætre: Postkort og foto frå D/S kaiane og rutebåtane***

Kl 16: Lokale slåttar frå Hardanger, Voss og Kvinnherad.

Konsert i Røykstova m/

- ***Frank Rolland og Einar Mjølunes***

Enkel servering Hesteskasting

Inngang: Vaksne kr. 100,- Born: Gratis

Museumsdagen frå klokka 14 til 17 på Bygdetunet Rød sundag kjem

i stor grad til å handla om postkort. Ikkje berre vil Aud Karin Løvfall syne fram og fortelja om den imponerande samlingen sin, det blir også ein bolk ved Harald Sætre med postkort og foto frå DS-kaiane og rutebåtane. Han har funne fram nokre bilete som er særleg interessante og som kanskje fleire uskedelingar har opplysningar om.

Mellom anna har han eitpar bilete frå MS Ullensvang som gjekk i Stavanger-rutene og Hardanger-rutene frå 1952 og til slutten av 1960-talet med faste stopp både i Beinavikjo og Myklebust. På bileta er denne båten avløyssar for MS Halsnøy nokre dagar i mars 1976.

I følge eit rutehefte frå vinteren 1961/1962 hadde dei to stoppestadane omlag 18 rutebåtstopp i veka. Sundagane var det 4 stopp. Om sommaren var dette talet truleg litt høgare. Blant andre hadde MS Hardangerfjord ein periode stopp i Beinavikjo fredagar i ruta frå Bergen til Odda. Tilsvarende hadde båten også stopp i dagruta/turistruta sundagane om sommaren frå Odda til Bergen.

Desse stoppa var kanskje nødvendige for å avlaste trafikken med MS Eidfjord og MS halsnøy i Kvinnheradruta i helgane, trur Sætre.